



GLIMRAH held konsert i Valen kyrkje.

GLIMRAH er eit vokalensemble som har sunge saman i 1 års tid. Me er 7 kvinner som likar å syngja saman og arbeida med eit variert repertoar. 6 av oss bur i Kvinnherad kommune. Maria Malmsten som eg ensemblet sin kunstnarlege leiar har base på Stord.



GLIMRAH i skogen i eit tre.

Me har hatt 6 framføringar i år og skal no syngja ved par konsertar før jul. Konserten i Valen kyrkje er vår første konsert der me sjølv står som arrangør. Me skal syngja i 3 avdelingar. Mykje julemusikk, men og anna repertoar. Det meste er a capella, men på eit verk av den engelske komponisten Michael Hurd har me med oss Kristin Schulerud på klaver. Repertoaret spenner frå middelaldersongar, via romantiske verk og folkemusikk til samtidsmusikk.

Kristin er ein av våre gjester denne kvelden, ho vil og lesa eigne dikt og spela eigne komposisjonar på klaver. Dei er henta frå Kristin sin suite ' Eg vil dansa deg i møte'.

Med oss har me og Marion Belsvik som ska dansa til 3 av Kristin sine komposisjonar.

Marion er 18 år og busett på Stord. Ho er elev på Stord vidaregåande skule og dansar m.a. hjå Spinae dansekompani. Me gleder oss til Kristin og Marion sine 2 avdelingar.

I programmet vert det og soloinnslag, duettar og trio frå oss i GLIMRAH. Med andre ord eit svært variert program.

Etter konserten serverer me ein enkel kveldsmat. Me vonar at publikum vil ta seg tid til litt kaffe, te og god heimebakt brødmatt.

Kvinnene i GLIMRAH:

G: Gjertrud Sydnes Furdal

L: Lene Taranger
I: Ingvild Toskedal
M: Maria Malmsten
R: Renate Koløy
A: LinA Frimannslund Storegjerde
H: Hallgjerd Kofoed Hegland

Tekst: Maria Malmsten
Foto: Eirik Sverdrup
Nett: Thor Inge Døssland